

# Bokn Bygdablad

Nr. 7 september 2010 – Årg. 25



Industrieventyr – s. 4



Trialhelg – s. 8



Slo til igjen – s. 15



Flinke syklistar – s. 19

25  
år

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)



KJEKT PÅ BOKN



# Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidar:** Annette Bokneberg

## Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen  
Ellen Nedrebø  
Lars Norekvål

## Gjeldande annonseprisar (netto)

|                 |              |
|-----------------|--------------|
| Heilside        | kr. 500,-    |
| Halvside        | kr. 300,-    |
| Kvartside       | kr. 150,-    |
| 1/8 side        | kr. 100,-    |
| Privatann.      | kr. 50,-     |
| Fast-/fargeann. | etter avtale |

## Foto, omslag:

Stephan Haram



## STORT FRAMSIDEBILDE:

Det nye anlegget på Trosnavåg ligg fint skjult i terrenget og med flott murararbeide i sjøkanten.

Sjå elles s. 4

Foto: Kjetil Hamre



## ORDFØRAREN RDET

### Kjære sambygding

#### Gamle skule, kva nå?

Heilt sidan sentralskulen i Bokn stod ferdig i 1973, har den gamle skulen på Boknaberg vore samlingsstad for boknarar uansett alder. Den gamle skulen og området rundt har vore sentrum for mykje kulturell aktivitet, til dømes strikkekafe, veving, Yngres, Artep og paintball. Om kort tid skal også Bokn Gatebiklubb flytta inn i lokala til den gamle brannstasjonen.

Bygningen blei teken i bruk i 1951 og er nå prega av alder og aktivitet. Difor melder behovet for rehabilitering seg med aukande styrke. Det blei i 2009 løyvd pengar til vøling av underetasjen etter fuktskader. Ungdommane i Petra fritidsklubb gjorde då ein flott dugnadsinnsats med å rydde ut av underetasjen. Bokn kommune tok kostnadane med å skifte ut innvendig røyropplegg.

Formannskapet hadde i vår synfaring. Spørsmålet melde seg då om kva ein vil med bygningen. Kostnadene ved ei totalrenovering kan bli høge. Spørsmålet er om Bokn kommune skal investera store beløp i bygningen, eller om ein må sjå på andre løysningar. Bør ein til dømes legga bygget ut for sal?

I møte den 14.09.10 kom formannskapet fram til at drifta av kulturhuset inntil vidare skal halda fram og Petra ungdomsklubb kan bruka to av etasjane slik som dei vil. Dreneringa rundt huset skal ordnast, og lokala skal halda i stand.

Formannskapet ynskjer at ungdomma-



Kyrkjebygd kulturhus

Foto: Jardar Havikbotn

ne sjølv skal ta del i dugnadsarbeid i samband med rehabilitering av underetasjen, og dei må aktivt delta i å samla inn delar av dei midla som trengst. Bokn kommune vil på si side gå inn med sin del. Slik vil det framleis vera lys i lokala på Kyrkjebygd i åra framover, og boknaungdommen vil ha ein god samlingsstad.

#### Haugaland Vekst

Haugaland Vekst jobbar med næringsutvikling på tvers av kommunegrensene på Haugalandet, og fungerer som Bokn kommune sitt næringsapparat. Selskapet skal bidra til verdiskaping på Haugalandet og vera ein tilretteleggar for god kontakt mellom det offentlege og dei næringsdrivande. Eigarane er Haugesund, Tysvær, Bokn og Utsira kommune saman med Rogaland Fylkeskommune.

I desse dagar er det samtalar med kommunane Karmøy, Vindafjord, Sveio og Etne for at også desse kommunane skal bli medeigarar i selskapet. Ein bakgrunn for desse samtalanene er ved-

taket som blei gjort den 17. juni i Haugalandsrådet om å leggja ned rådet i den forma det har nå.

Dei fire kommunane som i dag vurderar medlemskap, ser at det trengst eit slikt regionalt selskap. Ikkje minst er det behov for eit organ som kan ta vare på kommunane sine behov for samhandling i regionale saker innan næringsutvikling og andre aktuelle samfunnsproblema. Slik sett er Haugaland Vekst eit alternativ til felles regional satsing på Haugalandet. Haugaland Vekst organiserar allereie i dag ein del aktivitetar der alle haugalandskommunane er med. Døme på dette er skule/næringsliv og regional plankoordinering.

Desse drøftingane for å få utvida Haugaland Vekst er svært viktige for heile regionen. Haugalandsrådet var ein viktig møteplass for ordførarar og rådmenn, men er altså ikkje meir. Det inneber at viktige strategidøftingar må inn i nye rammer. Det me treng, er eit tungt, handlekraftig og operativt selskap som samlar alle haugalandskommunane. Gjennom Haugaland Vekst kan me etablere den drivkrafta, kontinuitet og framdrifta som trengst for å møte ein aukande konkurransen frå sterke regionar både i nord og sør.

Med alle kommunane samla i Haugaland Vekst vil Haugalandet få ein tydelegare profil og ein sterkare stemme. Ikkje minst kan Haugaland Vekst bli ein avgjerande faktor for å posisjonere regionen vår i samband med dei nye samferdsletiltaka som kjem.

**Ordføraren**

Ta godt i  
mot bøsse-  
bærarane  
24. okt.!

## Tv-aksjonen 2010 – På flukt fra krig

43 millioner menneske er på flukt frå krig og konflikt verda over.

Pengane går til flyktingleire, utdeling av mat og nødhjelpsutstyr, husly, utdanning og juridisk bistand.

Sju land er spesielt hardt ramma og er i fokus under TV-aksjonen:

Colombia, DR Kongo, Sudan, Somalia, Det palestinske området, Afghanistan og Pakistan.

NRKs TV-aksjonen er verdens største innsamlingsaksjon målt i innsamlede midler per innbygger

Næringslivsstaffett  
TV-AKSJONEN NRK 24.OKT

Sjekk [www.tva2010.no](http://www.tva2010.no)

Krovågen hestesenter har  
allerede gitt kr. 1.000

Formann-  
skapet har  
vedtatt at  
Bokn  
kommune  
gir 21 kr.  
pr. innb. til  
årets tv-  
aksjon –  
kr. 17.450

## Basar på skulen 8. oktober

For åttande året på rad inviterer skulen til basar i samband med TV-aksjonen.

Denne gong blir det fredag 8. oktober kl. 10.00 – 12.30.

I fjor kom det inn heile 28.158 kr. Blir den rekorden slått i år?

Som alltid er bygdafolk velkomne med gevinstar til basaren. Sal av kaffi, saft og heimebakst. 5 kr. pr. lodd.

Alle er velkomne!



FLYKTINGHJELPEN  
NORWEGIAN REFUGEE COUNCIL

TV-AKSJONEN NRK 24.OKT

[www.tvaksjonen.no](http://www.tvaksjonen.no)

# Eit lite industrieventyr

Kjetil Hamre

## På Trosnavåg har eit lite industrieventyr bygd seg opp over tid.

Arne og Rune Øvrebø starta med oppdrett av smolt i 4 kar tildlig på 80-tallet. Anlegget selde dei til Grieg Seafood i 1998, og då begynte Atle Jøsang, intervjuobjektet mitt denne ettermiddagen,- på anlegget. Det vart då produsert 5-6 000 000 smolt her kvart år.

Det har vore utbyggingsplanar lenge, men på grunn av finanskrisa vart det ikkje fortgang i planane før i 2008/2009. Då vart ei tomt på ca. 5 mål skote ut og planert.



Smolten blir pumpa ut av kara og opp til vaksineringsbordet.



Vaksinerings av smolt.

- Dette skal ikkje bare verta eit stort løft for Grieg produksjonsmessig, men og verta eit av dei finaste anlegget for



Den nye hallen med reinsingsanlegget for vatn som gir eit nytt løft for oppdrettet av smolt.

smoltoppdrett i heile landet, påpeikar Atle, og viser til steinarberidet som er lagt ned i samband med utbygginga så langt. I dag blir det produsert ca 2,2 mill smolt i året på Trosnavåg.

Med ferdig utbygging vil anlegget på Trosnavåg kunne levera 5,5 mill smolt i løpet av eit år.

Med resirkulering av vatn vil ein kunne styre temperaturen nøyaktig i kara. Dette fører til jevnare og meir kontrollert vekst av smolten.

- Det er temperatur og ikkje foring som gir utslaget, seier Atle.

Det vil sirkulere 30-40 000 liter vatn i minuttet, og mengde nytt vatn frå Gunnarstadvatnet er ikkje meir enn 3-400 liter i same periode.

### Reint vatn

Reinsinga består av to rom som er adskilte med reine ballhoppebingen mellom. I denne er det små ballar med ein bakteriekultur som reinskar vatnet når det vert pressa vatn gjennom og vidare til oppdrettskara.

- Vatnet er så reint at ein kan drikka det etter prosessen, fortel Atle.

Eg stolar på han og tar gjerne eit glas eller to med han når dette står ferdig. Ideen og teknikken til reinsinga har Grieg Seafood funne i Danmark etter jakt nede på kontinentet. Interaqua heiter firmaet som står bak. Tilsvarande anlegg har Grieg Seafood også i Finnmark.

Sjølv om det vert bygd nytt, vil det gamle anlegget også vera i funksjon.

- Vi vil redusera litt på kapasiteten her for å sikra oss jevnare vatntilgang frå Gunnarstadvatnet, seier Atle.

### Sprek og glad smolt

Nettopp vatnet sin kvalitet på Bokn er svært bra, med ein gunstig Ph og godt forhold mellom CO2 og O2, som gjer smolten sprek og glad. Dette gjeld og for Hogalandanlegget. Dette er lagt inn under Trosnavåg og eit resirkuleringsanlegg her er ikkje utenkelig i framtida. Hognaland er tenkt å produsera 2,2 mill smolt i nær framtid.

Det vert veksla i aktiv stab i dei to anlegga når det trengst. Ein hentar også inn arbeidstakarar frå slakteriet Grieg har på Stjernarøyane når det er ledig kapasitet der. Alt i alt er Grieg femtestørst i landet med oppdrett. Rogaland er eit av områda det blir satsa på.

Det er to hovedslepp med smolt til sjøen. Dette skjer etter nærare året i kara på oppdrettsanlegget Det blir henta inn befrukta rogn, og smolten er klar til livet i havet etter å ha oppnådd ei vekt på 70-100 gram. Temperaturen i vatnet ligg ideelt mellom 15- og 17 grader. Smolten går til oppdrettsanlegg Grieg har her i Rogaland. Dei eig to anlegg knytta direkte til Bokn.

### Reinsleg

På Trosnavåg var det også eit fokus på reinslegheit eg ikkje hadde venta. Ei sluse der bytting av sko var nødvendig for ikkje kunna smitte smolt frå omverda var eit eksempel. Spesielt



**Atle viser stolt fullvoksen smolt snart klar til utsetjing i merd i sjøen.**

med tanke på smittelinje frå oppdrettsanlegg i sjø og villfisk i dei mange fiskevatna her på Bokn var dette nødvendig. Trosnavåg har i si lange fartstid berre hatt eit utbrot av sjukdom i anlegget, så tiltaka må virke.

#### **Mange boknarar**

Det er 9 årsverk knytta til anlegget på fast basis. I tillegg kjem ein del vikar og sesongarbeid. Her trekk Grieg til seg ein heil del boknarar til seg. Dette gir ringveknader i boknasamfunnet. Den største utfordringa er faktisk bu-



**Det opprinnelige oppdrettsanlegget.**

forhold, seier Atle. Det er ikkje hus og leiligheiter å oppdriva i kommunen. Dei ansatte må på grunn av vakter og beredskap vera busette her med rask veg til anlegget.

Atle fortel at det er ei utfordring å få fatt i dei beste folka og dei med best kompetanse på grunn av husmangelen. Det seier seg sjølv at det ikke held med Bokns friske luft og fine natur. Det er jo ikkje piknik ein driv på Hognaland og Trosnavåg. Ein har kanskje ikkje vore flinke nok til å markedsføre seg ovafor den lokale ung-

dommen heller, og her tar Atle sjølvkritikk.

- Ein gir jo ungdom ein del moglegheiter gjennom sesongarbeid hjå oss, men me burde nok vore litt meir orienterte ovafor dei om det spanande arbeidet ein driv her ute.

Atle vi dele ut litt ros til kommunen som har vore god å samarbeida med i hans periode som sjefs-laks.

- Ein samarbeidspartner som har vore god å ha med på laget og som har vore svært resultatorientert, seier han.

# Bokdeling

Kjetil Hamre

## **M. KANNE & SØN**

**1889 - 1922** er ein historisk følgetong om ein fotografi-forretning i Stavanger. Ho er skriven av Einar O. Risa.

Boka vert no delt ut over heile Rogaland med slagordet «**hele Rogaland lesar**».



Frå før har biblioteksjef Linda Ognøydelt ut gratis eksemplar på biblioteket, sjukeheimen, Bokn Plast og no stod strikkeklubben oppe i Kyrkjebyggd kulturhus for tur.

Ordføraren vart og med for å promotera leselysta. Det var mange strikkepinnar i aksjon og dei vart førte med støe hender.

Med så mange trådar som og var med skulle ein tru at vasen var farleg nær. Så ikkje der i gården. Full kontroll



**Ordførar Kyrre Lindanger og biblioteksjef Linda Ognøy snik seg nokre nye knep innan strikking mellom bokdelinga.**

måtte eg berre innsjå. Klarer dei å bla like fort i boka, vil ho fort verta utlesen. Då kan nummer to lånast på biblioteket og der ventar dei snart inn nummer tre i rekka og.



2010 er av Kulturdepartementet utnevnt til Nasjonalt leseår.

“Hele Rogaland lesar” er fylket si store felles lesaroppleving som deler ut 50 000 eksemplar av Einar O. Risas roman *M. Kanne & Søn 1889-1922*.

# Malmlykt til Føresvik

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Johannes Nilssen

**Onsdag 15. september blei malmlykta, som Bokn kommune offisielt fekk overlevert i desember 2009 av Kystverket, heist i land i Føresvik.**

Ordførar og rådmann hadde møtt opp på kaia for å ta i mot lykta som kom med *M/S Oljevern I* direkte frå Snikspyn-ten i Karmsundet.

I løpet av 10. minuttar var lykta trygt plassert på pallar på vestsida av Coop Marked Bokn. Lykta hadde vore i kontinuerleg drift sidan 1916 og fram til same dagen som ho stod på kaia i Føresvik. Nokre timar før hadde Kystverket sine mannskap sløkt lykta, demontert og frakta denne flotte kystskulpturen til Bokn.

Ordførar Kyrre Lindanger er glad for at lykta endeleg er komen til Bokn.

- Det blei ei anna lykt enn det me fyrst trudde, men det betyr ingenting. Desse gamle malmlyktene er i all hovudsak like, og denne er ei fullgod erstatning for lykta som stod i Boknasundet. Me skal gje ho eit strøk med maling og setja lykta i perfekt stand. Utfordringa nå blir å få tak i linse slik at me på sikt kan få lys i lykta, seier ordføraren til



**Fv. Steinar Lillenes, Jan Erik Nygaard, Eivind Olson (delvis skjult), Egil Ognøy, Kyrre Lindanger og Ronny Lunde fyljer spent med når lykta blir heist på land.**

Bokn Bygdablad.

## Skoten på under krigen

I fylgje skipper på *M/S Oljevern I*, Svein Veldsvik, er det spennande historie knytt opp til denne lykta.

- Det blei skote på malmlykta under 2. verdskrigen og ser ein etter kan ein sjå skyteholer, som blei lappa over etter krigen, fortel han.

Veldsvik kunne opplysa at linsa som stod i lykta vil fungera som reservelinse hjå Kystverket, og at dei ikkje kun-

ne gje frå seg denne då det ikkje lenger går an å få tak i slike linser.

Malmlykta, som står oppført med fyrlyktnummer 121200, blei opprinneleg driven av parafin. Ho blei transformert til elektrisk drift i 1974. Seinare, i 1976, blei lykta ytterlegare modifisert. Lyktene av denne typen var kjende for å vera særskild driftssikre.

Ynskjer du ytterlegare informasjon om norske fyr, kan du gå inn på nettstaden **www.fyr.no**

## Idyll i Føresvik

Jardar Havikbotn

### Det nye anlegget i indre hamn i Føresvik blir ei perle for bygda.

Det er Vassbakk & Stol As som står bak dei flotte murane og steintrappene. Sand er sprøyta ut i bassenget og det vil også bli sett opp lys og benkar, samt ein mur mot veggen.

Flere boknarar meiner at det flotte anlegget kunne blitt ei verdig ramme rundt **fyrlykta frå Kystverket (over)**. I så fall må formannskapsvedtaket om å plassera ho ved Knarholmen gjerast om.

**5. SEPTEMBER: Dei første ungene har allerede tatt den nye badeplassen i bruk.**

Foto: Torny Rossebø



**Bokn Bygdablad kjem tilbake til prosjektet.**

## Boknar på frimerke

Jardar Havikbotn

Mikal Våge er avbilda på Norsk Sjømannsforbunds 100 års jubileumsfrimerke.

årsjubileum, og 15. september gav Posten ut eit flott jubileumsfrimerke.

Norsk Sjømannsforbund feirer 100-

### MOTIV:

**Båtsmann Mikael Våge om bord på *M/S Stavanger*" (1973)**

Du kan lesa meir i neste utgåve av Bokn Bygdablad



# Tankar kring ny kommunestruktur

Kyrre Lindanger

## Stort er sterkt?

Med jamne mellomrom irriterar politikarar og andre, særleg i Oslo og dei største kommunane, seg over dei eksisterande kommunegrensene. Dei er store demokratar, forsikrar dei, men vil bruka tvang for å få færre kommunar. Målet heilagar jo som kjent midla og argumenta er dei gamle om ikkje alltid like gode: Større kommunar vil nærast automatisk gje større og betre fagmiljø, stordriftsfordelar og større delegasjon av makt og mynde frå statens si side. Dessutan skal det i dei små kommunane lett oppstå demokratisk underskot.

## Danske draumar

Også i Danmark hadde ein ei klokkartru om at dess større, dess betre. I 2006 munna det ut i ei tvangssamslåing av kommunar som minka talet frå 270 til 98 einingar. Som i vår nasjonale debatt såg ein for seg omfattande stordriftsfordelar og betre kommuneøkonomi. Men nye kostnader for dei større distriktskommunane tvinga fram eit redusert tenestetilbod, mellom anna ved å leggja ned bibliotekfilialar over heile landet. Noko demokratisk løft førde fusjonane heller ikkje til, i stort omfang blei folkevalde lokalpolitikarar erstatta med kommunebyråkratar. Ikkje bare svalt kommuneadministrasjonane ut, dei blei også relativt dyrare. Det var ikkje tenkt på at lønsnivået auka med storleiken på kommunen. Kommuneøkonomiane heldt også på å bryta saman under børa det innebar at ansvaret for busstransport blei overført til kommunane. Kort sagt, den store kommune fusjonen førde til større avstandar og ringare tenesteyting for vanlege distriktsdanskjar.

## Store tabbar i store kommunar

I Noreg har me fått demonstert at eit stort fagmiljø i kommunane ikkje garanterar betre vedtak. I Oslo overkreid utbygginga av Holmenkollen budsjettet med 600 millionar kroner. Trondheim og Kristiansand påførte seg enorme tap ved å selja energiverka. I det heile er det ikkje dokumentert at mindre kommunar fattar dårlegare vedtak enn dei større.

Gjer større kommunar betre arealplanlegging og næringsutvikling? I mange år har arealplanlegginga vore strengt kontrollert på fylkesnivå og av departementet. Dette er ei av årsakene til at enkelte parti vil avskaffa fylkeskommunen. For desse partia er det problematisk at fylkeskommunen regulerar i kva grad dei større bykommunane kan kontrollera utviklinga i omegnskommunane. I desse byane er ein opptekne

av at nyetableringane skal plasserast der og ikkje i omlandet. Det finst slik sett mange døme på at dei mindre kommunane er mykje meir positive til nyetableringar enn dei større byane. Ikkje minst er næringslivet tent med små kommunar som aktivt verkar for å skaffa seg arbeidsplassar.

Det er også naivt å tru at større kommuneiningar fører med seg større delegasjon av makt og mynde frå statens side. Departementa ynskjer ikkje å gi frå seg makt og i dette får dei støtte frå Stortinget. Forvaltningsreforma stranda jo som kjent på at departementa ikkje ville gje frå seg makt. Det blir difor ein illusjon å tru at større kommunar vil gi kommunane ein større grad av autonomi, slik at det blir meir meningsfylt å vera kommune styremedlem.

## Dei små best på nærleik

Undersøkingane viser at det er innbyggjarane i småkommunane som er mest nøgde med den kommunale tenesteytinga. Forklaringa er enkel: Kvaliteten på individretta tenester er avhengig av nærleik mellom mottakar og utøvar. Dess mindre kommunar, desse kortare er avstanden.

Er det så slik at den vedtekte samhandlingsreforma tvingar fram ei omfattande kommunesamanslåing i Noreg? Analysane viser at dei største kommunane slit mest når det gjeld samhandling mellom spesialisthelsetesta og kommunehelsetenesta. Difor er det her reforma vil ha den beste effekten. Reforma kan nok organiserast slik at ho skapar vanskar for dei mindre kommunane. Men det må vera rett å snu henne slik at ein utnyttar fortrinna til småkommunane. Det skulle heller ikkje vera noko problem å etablere ein organisatorisk og finansiell struktur slik at ein unngår eventuelle vanskar.

## Bokn: Landets beste pleie- og omsorgskommune

Også Haugesunds Avis sluker myta om dei tenestesvake små kommunane med hud og hår. På leiarplass 20. september påstår avisa at: "Også lokalt er det kommuner som bør slå seg sammen for å sikre innbyggerne bedre tjenester". Kan det vera Bokn redaktøren har i tankane? Då vil eg føreslå at han tar ein kikk i Kommunal Rapport 12. august i år. Kven andre enn Bokn blir ikkje utropt som den beste pleie- og omsorgskommunen i Noreg? Ikkje bare det, i ei omfattande undersøking der tenestenivået i alle kommunane blir samanlikna med kvarandre, ligg

Bokn over alt i tetsjiktet. Dei fleste andre kommunane i dette sjiktet, er også relativt små. Dessutan og nok ein gong: Det er dokumentert at innbyggjarane i små kommunar er meir nøgde med dei kommunale tenestene enn innbyggjarane i større kommunar! Bokn er altså på dette området best i det landet som er utropt som det beste i verda å bu i. Konklusjonen gjer seg lett sjølv. Men det er altså ikkje godt nok for Haugesunds Avis.

Trass i eit kraftig sentralt trykk er det få kommunar som har "forsvunne" dei seinare åra. Årsaka må vera at nordmenn flest trivest godt i dei små kommunane sine. Trivselen i småkommunane er tufta på felles, lokal identitet og samhøyra og kort veg mellom styrt og styrande.

## Heller interkommunalt samarbeid

Mykje av grunnlaget for konklusjonar og påstandar i denne debatten, ser ut til å vera basert på ei naiv tru om at all sentralisering er av det gode. Lite er dokumentert, mykje er synsa. Til dømes er ikkje utgiftene ved ein statleg sentraliseringspolitikk utgreidde. Det er lett å gissa på at prosjektet kan koma til å kosta meir enn det smakar.

I det heile har me ingen kvalifiserte svar på om kommunesamanslutningar vil gje eit betre demokrati, betre kommunale tenester, lågare kostnader knytt til kommunale tenester eller betre regional utvikling. Når skal me få ein debatt dokumentert med fakta og forskning? Eigentleg er det vanskeleg å finna haldbare argument for kommunesamanslåing. Til sjuande og sist er det eit mysterium kva som egentleg er spørsmålet i denne debatten. Etter mi mening må utfordringa vera å gå saman og finne interkommunale løysingar innanfor kommunegrensene ein har.

## VEDR. BÅT PÅ HENGER PÅ MILJØSTASJONEN

Registreringsnr. på hengeren er: RR 6204, og denne er registrert på Wenche M. Baardsen, Bokn.

Det medfører ikke riktighet at jeg har plassert hengeren på miljøstasjonen. Sist jeg hadde befattning med hengeren var 11.10.09. Da ble den plassert i Alvestadkroken 23., p. g.a. en del mangler ved overtakelse. Jeg har altså ikke ansvar for denne, verken nå eller for ettertiden.

Mvh. Arne C. Baardsen



## Trialhelg på Bokn

Kjetil Hamre



**Sørlandet, Bergen, Hobøl, Kristiansand, Flosta, Kleive, Riska, Oslo, Vestkanten (Bergen), Trøgsta, Skodje (Ålesund), Notodden, Lista, Valldal, Voss, Osterøy, Grimstad, Horten, Randaberg, Karmøy, Vaulali (Tau) Haugesund, Riska og til sist, men ikkje minst, Bokn. Kva har desse namna felles?**

18. og 19. september møttest dei til kappestrid på to hjul og totaktbensin som spreidde seg over heile Torland med si umiskjennelege lukt. Ei god avveksling mot hevdalukt, vil vel mange meine.



**Det nye byggefeltet på Torland.**



**Sverre Trosnavåg ned bakken.**

### NorgesCup

Det vart avholdt NorgesCup på laurdagen og sjølv om det ikkje var så mykje sol, var det rusing av motorar overalt før syklane vart sette i sving oppover og nedover, i søle og på stein, over rot og myr. Dette er idrett på høgt nivå.

For at utøvarane av sporten skal få gjere sine stunt må eit enormt apparat settjast i sving

### 77 personar i sving

Under NC var det 27 seksjonar deltakarane skulle gjennom. Dei var



**Sander Jøsang skal opp og fram.**

fordelte på forskjellige klassar, og 101 deltakarar var totalt i sving. På kvar seksjon var det ein dommar og ein klyppar. Deltakarane hadde eit kort som vart klypte etter kor mange prikkar/feil løparen hadde i seksjonen. Det



**Kor høgt skal eg?**

vil seie at berre i løypenettet hadde stemneleiar Ragnhild Trosnavåg 54 personar i sving. Tek ein med sekretariat, lege, ambulanspersonel, teknisk kontroll og kiosk var det rundt 77 personar i sving på NC.

Apropos legen; Dag Helge Rønnevik var litt bleik om nebbet då han ankom sjølve posten sin. Han hadde sett nokre trialkjørarar som varma opp over ein kolle, og syntest dette såg

farleg ut. Han rekna nok med å få litt å gjere ut over stemnet.

Det vart heldigvis ikkje så mykje å gjere for han, det er nesten utrolig kor god kontroll på sykkel og kropp trialkjørarane har. Ein legg og ein ukjent nakkeskade var det som er verd å nemne på skadelista.



**Eg SKAL ned.**

### Dugnadsarbeid

Når ein snakkar om dugnad, må ein ikkje gjøyme det arbeidet som er gjort i forkant av stemnedagane. Over 30 bobilar og to bussar måtte få seg plass. Seksjonane måtte lagast til med variert terreng og vanskelighetsgrad. Her er Generalen, Artur Trosnavåg, mannen og hjernen bak.

At dommarane som regel vart godt behandla varma Ragnhild. Ho fekk få





**Så søla fyk.**

klagar på desse frå kjørarar og foreldre. Likevel hende det at det sprakk for nokon ein kvar. Ein løpar var noko irritert på ein dommar og dommaren repliserte med

- Hadde det ikkje vore for oss hadde det ikkje vore løp, og det er jo sant nok.



**Regjerande norgesmeister Mardon Moi, ein tittel han også beholdt etter finalen helga etter.**

### Flotte løyper

I heile 6 timar kjørde NC-løparane i sine respektive seksjonar i alt 27 i tallet, men ingen klassar kjørde i alle saman. Dei var av ulik vanskelighetsgrad etter kva klasse dei kjørde. Det seier seg sjølv at dette er krevande både psykisk og fysisk.

Tilbakemeldingane på løypene var positive. Dei var teknisk krevjande og utfordrande, noko utøvarar og publikum sette pris på.



**Joakim Skjelde i full konsentrasjon.**



**General Artur Trosnavåg deler ut dommarar og assistentar i seksjonane.**

### Kretsmeisterskap

Sundag var det på an igjen. No var det KM som sto for tur. Her var det og kommande trialstjerner som fekk vist seg fram. Dei hadde 5 seksjonar med varierende vanskelighetsgrad å boltra seg i. Kjøyregleda var stor og



**Denne ekvipasjen var miljøvennlig, gjekk på batteri og sjarmerte meg.**



**Jenter deltek på lik linje med gutta og hevda seg svært godt.**

rekruttane så ut til å trivast på Torland.

Dei større kjørarane hadde 4,5 timar på å gjera under tre rundar i 14 seksjonar. Dei var ikkje nemneverdig lettare enn under NC, og skilte klinten

frå kveiten godt. Totalt var det 71 som freste rundt i terrenget denne dagen.

Under KM er ikkje kravet til medisinsk personell så nødvendig. Ein ambulanse var "stand bye", men heldigvis vart det ikkje bruk for denne under stemnet.

### Knirkefritt

Sjølv om ein ikkje hadde besøk av Nelly, gjekk Ragnhild rundt og skein for henne i staden. Alt gjekk knirkefritt og tilbakemeldingane var berre positive. Eit godt planarbeid i forkant og ein



**Rita Bokneberg står rett i ryggen som ein dommar skal vere.**

fantastisk gjeng med frivillige gjorde jobben hennar som stemneleiar til ein draum.

Utan mat og drikke dug sjølv trialhelten ikkje. I kiosken gjekk det unna dei to dagane stemna gjekk over. Det vart servert 190 porsjonar lapskaus, 140 med komle, 70 pizzahold it, masse pølser og eit anseeleg antal liter drikke. Alt servert med eit smil.

**Tusen takk til alle kjørarar og dei rundt hundre frivillige for ei fortrefteleg helg på Torland.**




**Forvaltningsstyremøte 07.09.10**
**Sak 041/10: SØKNAD OM TILLATELSE TIL TILTAK - BRUKSENDRING GNR. 27 BNR. 4**
**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

Det blir etter § 93 c) i plan- og bygningslova gjeve løyve til bruksendring frå verkstad til gjestehus, slik det går fram av søknad og teikning datert av oss 25.08.2010. Det kan ikkje påreknast at det seinare skal vera mogleg å skilja frå annekset som eiga brukseining. Ein rår til at det blir gjort endring av eigedommen slik at heile annekset ligg på gnr 27 bnr 4. Dette krev søknad om tilleggsareal.

Det blir etter forureiningslova gjeve løyve til utslepp i samsvar med søknad frå Odd Grønnestad datert av oss 25.08.2010 med fylgjande presiseringar og tillegg.

Det skal installerast vakumtoalett. Avlaup frå toalett skal gå til tett tank på 3 m<sup>3</sup>. Det skal gjerast avtale med godkjent firma om tøming av tett tank. Anna avløp skal førast til systemet frå 1977 som har septiktank, sandfiltergrøft og avrenning til jordbruksdrens. Dette må setjast i ny stand. Eit minstekrav er at sandfiltergrøfta blir fornya. Kommunen skal varslast, når arbeidet går føre seg, slik at ein kan føra tilsyn.

**Sak 042/10: SØKNAD TILLATELSE TIL TILTAK. - Tilbygg bustad, gnr. 27 bnr. 4..**
**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. Søknaden blir godkjent. Sigmund Alvestad får løyve til å byggja tilbygg på 18 kvm som inneheld bad, slik det går fram av søknad og teikningar datert av oss 26.08.2010, på gnr 27 bnr 4. Då saka er handsama som melding fell kravet til ansvar bort. Søkjaren står sjølv ansvarleg for at tiltaket blir i samsvar med godkjenning, lovar og føresegner.

2. Sjølv om tiltaket ikkje fører til vesentleg auke i utsleppet og avløpet blir ført til eksisterande avløpssystem frå 1977, blir det sett fram krav om at systemet som har septiktank, sandfiltergrøft og avrenning til jordbruksdrens må setjast i ny stand. Eit minstekrav er at sandfiltergrøfta blir fornya. Kommunen skal varslast når arbeidet går føre seg, slik at ein kan føra tilsyn.

**Sak 043/10: SØKNAD OM TILLATELSE TIL TILTAK - gjenoppføring av fritidsbustad.**
**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. Det blir etter plan- og bygningslova § 93 a) gjeve rammeløyve for fritidsbustad på gnr 7 bnr 17 tilhøyrande Brit Våga og John Fløttum. Fritidsbustaden har bygd areal på 96 kvm og bruksareal på 119 kvm slik det går fram av søknad og teikningar datert av oss 26.08.2010.

2. Det blir etter forureiningslova gjeve løyve til utslepp i samsvar med søknad frå Odd Grønnestad datert av oss 26.08.2010.

3. Bernt Øvrebø får ansvarsrett PRO / KPR og UTF / KUT for

oppføring av fritidsbustad i tiltaksklasse 1. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 93 b, § 97 og § 98. Bernt Øvrebø får løyve til å setja i gong arbeidet.

4. Odd Grønnestad får ansvarsrett for å utføra grunnarbeidet. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 98. Odd Grønnestad får løyve til å setja i gong arbeidet.

5. Odd Grønnestad får ansvarsrett for å PRO / KPR og UTF / KUT for arbeidet med vatn og avløp. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 93b, §97 og § 98. Odd Grønnestad får løyve til å setja i gong arbeidet.

**Sak 044/10: NAUST GNR.5 BNR.32 -søknad om bruksendring**
**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

Forvaltningsstyret finn ikkje grunnlag for å dispensere frå § 1-8 i plan- og bygningslova for bruksendring av naust slik det er søkt om. Det vert halde fast på vedtaket i sak 023/10, med unntak om frist for tilbakeføring til godkjent fasade. Denne fristen vert sett til 31.12.2010 slik det er søkt om.

**Sak 045/10: GNR. 9 BNR.2-SØKNAD OM BRUKSENDRING AV GÅRDSHUS TIL FRITIDSBOLIG-SØKER: FRIDUN OGNØY**

Saka blei trekt av søkjar før møtet.

**Formannskapsmøte 14.09.10**
**Sak 064/10: KULTUR- OG MUSIKKSKULEN: EI ORIENTERING**
**Formannskapet sitt vedtak:**

1. Formannskapet tek saka til orientering.
2. Eventuell auke i aktivitet og nytt utstyr vil bli vurdert tatt inn i budsjettet for 2011.

**Sak 065/10: KYRKJEBYGD KULTURHUS - OPPRUSTING OG OMBYGGING AV LOKALENE TIL PETRA**
**Formannskapet sitt vedtak:**

1. Kyrkjebygd dreneres innanfor ei kostnadsramme på kr 47.000,-.
2. Formannskapet stiller seg positive til at Petra pusser opp kjellaren. Formannskapet løyver 1/3 av utgiftene opp til kr 50.000 under føresetnad av at ungdommane sjølv kan skaffe til veie resterande midler. Seksjon teknisk får ansvar med å fylgja opp saka vidare.

**Sak 066/10: SKULESKYSS SKULEÅRET 2010/2011**
**Formannskapet sitt vedtak:**

1. Formannskapet tek til orientering det som er gjort for å få ei betre dekning for alle som bør ha tilbod om fri skyss.
2. Formannskapet avventar endeleg avklaring av dei økonomiske konsekvensane for kommunen før ein tek stilling til skyssordninga.

#### Sak 068/10: SØKNAD OM GATELYS.

##### Formannskapet sitt vedtak:

Det blei samrøystes vedtatt å sette opp gatelys både på Grønnestad og på Hognalandsvegen.

#### Sak 069/10: BUDSJETTKONTROLL 2010 - HALVÅRS-RAPPORT

##### Formannskapet sitt vedtak:

Formannskapet tok orienteringa om budsjett og rekneskap for 2010 til etterretning.

#### Sak 070/10: KJØP AV BOLIGTOMTER FØRESVIK

##### Formannskapet sitt vedtak:

Bokn kommune kjøper 3 boligtomter med g.nr./b.nr.: 9/153, 9/154, 9/171 av Erling Sæbø på boligfeltet i Føresvik, til ein samla pris av kr. 74.487,- (kr. 24.829,- pr. stk.) + evt. oppmåling og tinglysningskostnader.

#### Sak 071/10: TILBOD AV PROSJEKTMIDLAR

##### Formannskapet sitt vedtak:

Bokn kommune takkar ja til prosjektmidlar pålydande kr. 40.000,-, og bruker dei til å engasjera "helseteamsjukeleiar" ut 2010.



## Kulturmiddel 2010

### Bokn formannskap fordelte i møte 14. september årets kulturmiddel.

Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte.

#### Kr. 150.000 blei fordelte slik:

Ingen søkarar fekk støttereduksjon frå i fjor.

Bokn barnekor, Bokn bedehus, Bokn Gatebilklubb, Bokn historielag, Bokn mållag, Bokn Paintballklubb, Bokn sundagsskule og Bokn vevstove fekk det dei søkte om.

Bokn båtforening, Bokn idrettslag, Bokn KFUK-M Speidarane, Bokn musikkorps, Bokn Røde Kors og Bokn skyttarlag fekk meir enn i fjor.

Bokn pensjonistforening fekk det same som i 2009.

Bokn Røde Kors og Bokn skyttarlag fekk for 2010 ei auke i den ordinære fordelinga (kompensasjon §7).

#### § 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Søkarar:

|                 |   |                                       |
|-----------------|---|---------------------------------------|
| Bokn idrettslag | - | innkjøp av nytt utstyr til trimrommet |
| Bokn Røde Kors  | - | Store invest. i samb. med 20 års jub. |
| Bokn skyttarlag | - | Grusing av veg til skytebane          |

#### §7-midlane gjekk i år til Bokn idrettslag; innkjøp av nytt utstyr til trimrommet.

#### Oversikt:

| LAG/ORGANISASJON        | FORDELING 2010 | FEKK 2009 |
|-------------------------|----------------|-----------|
| Bokn barnekor           | 2.000          | 2.000     |
| Bokn bedehus            | 2.500          | 2.500     |
| Bokn båtforening        | 2.000          | 1.500     |
| Bokn Gatebilklubb       | 10.000         | 20.000    |
| Bokn historielag        | 1.500          |           |
| Bokn idrettslag         | 43.000         | 40.000    |
| Bokn KFUK/-M Speidarane | 17.500         | 15.000    |
| Bokn musikkorps         | 17.500         | 15.000    |
| Bokn mållag             | 1.500          | 1.500     |
| Bokn Paintballklubb     | 4.000          | 4.000     |
| Bokn pensjonistforening | 1.500          | 1.500     |
| Bokn Røde Kors          | 15.000         | 10.000    |
| Bokn skyttarlag         | 18.000         | 8.500     |
| Bokn sundagsskule       | 2.000          | 2.000     |
| Bokn vevstove           | 2.000          | 1.500     |
| Bokn idrettslag         | 10.000         | §7        |

#### Fra barnemunn:

Faren min sier at moren min er bevisstløs når hun kjøper klær.

Øynene er de to viktigste kjertlene man har. Hvis man forstuer øynene, må man gå til en optiker for å briljere seg.

Maten går sakte gjennom rørene i halssenen til den treffer magen. Der tar den seg en matpause. Godteri går forttere, fordi det er mye glattere.

Kjelde: Internett

# Kulturkalenderen

Endringar og nye arr. er **utheva.**

## Oktober

06. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus  
06. Strikkekafe kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus  
06. Basar for Den Indre Sjømannsmisjon kl. 19.00 på bedehuset  
08. Petra fritidsklubb: Spelekveld/LAN - Bokn bibliotek  
Veke 41 Haustferie, Bokn skule  
11. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00  
13. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus  
14. Normisjon, møte på bedehuset kl. 19.00  
15. Kino i Auditoriet  
16. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00  
17. Gudsteneste kl. 11.00  
17. Bingo kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps  
19. Forvaltningsstyremøte  
20. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus  
20. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00  
20. Strikkekafe kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus  
22. Kulturkveld på bedehuset. Kl. 19.00  
22. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjebygd kulturhus  
22.-24. Speidaren: Tur til Vigdarheim for vandrartroppa  
24. TV-aksjonen 2010 - *På flukt fra krig*  
25. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00  
26. Kommunestyremøte  
27. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus  
27. Israelsmisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00  
**28. Museumstafetten, sjå s. 20**  
29. Kino i Auditoriet  
30. Auksjon - arr. Bokn musikkorps  
31. Familiespeiding på Vardafjellet kl. 15.00, oppmøte Catharina og Harald

## November

02. Speidaropptak på bedehuset kl. 18.00  
03. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus  
03. Strikkekafe kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus  
05. Basar for ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00  
05. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjebygd kulturhus  
07. Gudsteneste kl. 15.00 - Allehelgenssundag  
08. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00  
**09. Fest for eldre og funksjonshemma på Allrommet kl. 17.30 - arr. Bokn senior/brukarråd og Bokn Pensjonistforening**  
10. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus

11. Dagsenteret har basar kl. 18 i Allrommet; Boknatun  
12. Kino i Auditoriet  
14. Gudsteneste kl. 15.00 - 4-årsbok  
16. Formannskapsmøte, budsjettmøte - dagmøte  
17. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus  
17. Strikkekafe kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus  
19. Petra fritidsklubb: Spelekveld/LAN - Bokn bibliotek  
**20. Julemarked på Coop Marked Bokn**  
20. NMS har misjonsmesse på Soknehuset i Tysværåvåg kl. 11.00  
21. Familiespeiding i skogen, Sunnlandsstraumen kl. 15.00, oppmøte ved Nils Bjørn  
21. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps  
21. NMS har møte på bedehuset kl. 19.00  
22. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00  
24. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus  
25. Bokn pensjonistforening har møte på Allrommet, Boknatun kl. 17.30  
26. Kino i Auditoriet  
28. Gudsteneste kl. 18.00 - Lysmesse. m/speidarpros.  
30. Formannskapsmøte

## Desember

01. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus  
01. Strikkekafe kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus  
03. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjebygd kulturhus  
07. Grautfest for speidaren  
07. Forvaltningsstyremøte  
08. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus  
08. Speidarane sin grautfest/juleavslutning på skulen kl. 18.00  
10. Kino i Auditoriet  
12. Gudsteneste kl. 11.00  
12. Luciafest kl. 18.30 - arr. Bokn musikkorps  
14. Kommunestyremøte  
17. Petra fritidsklubb: Juleavslutning  
19. Juletreffest på bedehuset kl. 15.00 - Arr.: Sundags-skulen og speidaren  
24. Gudsteneste kl. 14.00  
26. Gudsteneste kl. 11.00  
28. Juletreffest på bedehuset kl. 18.00 - Arr.: Frelsesarmeen og bedehusstyret  
29. Petra fritidsklubb: Romjulskos, Kyrkjebygd kulturhus  
31. Gudsteneste kl. 16.00

## P-plass for besøkande på Boknafjellet



### Steinsvik friluftsområde

På Are har Friluftsrådet Vest (FV) kome godt i gong med å oppgradera stien ned til Steinsvik friluftsområde, og held i samband med dette på med ein p-plass (**lite bilde**). FV skal forvalta området ved sjøen på same måte som Ognahabn, og dagleg leiar i FV, Oddvin Øvernes, seier til Bokn Bygdablad at det m.a. er snakk om skilting frå E39, toalett, infotavler og båtfester.

**Bokn Bygdablad kjem tilbake til prosjektet.**



Friluftsrådet Vest har opparbeida ein parkeringsplass for alle dei som besøker Boknafjellet. Plassen ligg litt vest for vassverket på Vaulen, der det som kjent kan vera fullt med bilar på ein fin helgedag.

Kikkert og framtidige planar på toppen vil også gjera sitt til at besøkstalet vil auka i åra som kjem.

JH

**Fotos:**  
Kjetil Hamre

## Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Kjelde: Statens kartverk

**Øyren 60 (Gnr 5, bnr 25)** er solgt for kr 5.250.000 fra Gunn Margot Bendiksen og Jan Bendiksen til Susanne Tollefsen

(05.08.2010)

Salget omfatter også **Gnr 5, bnr 32**

Salget omfatter også **Gnr 5, bnr 35**

**Andel av Ognøyvegen 32 (Gnr 1, bnr 9)** er overdradd fra Hans Jørgen Ognøy til Halvor Ognøy og Jørgen Jarle Ognøy

(09.08.2010)

**Andel av Ognøyvegen 29 (Gnr 1, bnr 3)** er overdradd for kr 100.000 fra Jørgen Jarle Ognøy og Halvor Ognøy til Hans Jørgen Ognøy

(17.08.2010)

## Fullførte Oslo Maraton

Jardar Havikbotn

Etter at ho vann halvmaraton i "Fitjar Rundt" 1. august i år, har **Janne Elin Vatnaland** hatt som mål å gjennomføra ein fullmaraton (42 km).

Siste helga i september stilte boknaren til start i Oslo Maraton, og ca. tre og ein halv time seinare passerte ho målstreken. Tida 3:29:53, (ein snittfart på 12,06 km/t) heldt til ein flott andre plass i hennar klasse (kvinner 18-22 år), berre sju sekundar etter klassevinnaren.

Totalt blei det 30. plass av alle damene som fullførte. Norgesmeisteren for damer heiter Frida Buer-Vullum, med tida 2:45:34.

**Bokn Bygdablad gratulerer med bragden!**



## Bygdabladet for 20 år sidan

FRÅ NR. 7 1990

### Frihetsmedalje til Conrad Osmundsen

Fredag den 13. juli fekk Conrad Osmundsen tildelt kong Haakon den 7. Frihetsmedalje for særleg lang og innsatsfylt teneste på norske skip under den 2. verdskrigen.

Frihetsmedaljen vert overrekt av ordførar Leif Vatnaland i heimen til Conrad Osmundsen på Austre Bokn. Til stades ved overrekkinga var utanom nær familie og venner også representant frå marinen.

Ved overrekkinga kom ordføraren særleg inn på korviktig innsatsen til dei norske sjøfolka hadde vore under krigen, og kva det hadde å seia for utfallet av krigen.

Han minna også om dei påkjenningane det hadde vore å vera sjømann under forhold kor ein heile tida kunne risikere å bli senka av fienden. Conrad Osmundsen seilte under heile krigen. Til saman var han på mange skip, først handelsskip, og seinare på skip som hørde til den norske marinen. I 1941/42 gjekk farten i den engelske kanalen, og der vart den alierte flåten jakta på av tyske bombefly og ubåtar.

Conrad Osmundsen fortel at dei båtane han var med, ikkje vart torpedert eller minesprengt, men på ein tur var det berre 4 av 12 skip som kom fram av ein konvoi som han var med. Conrad Osmundsen fortel også m.a. at han var med på ein tankbåt under den alierte invasjonen av Nord-Afrika og Cicilia. dei supplerte då eskortefartøya. Innkludert den siste medaljen, har Conrad Osmundsen nå 7 ulike medaljar som skriv seg frå innsatsen under krigen. 4 av desse er engelske.

## Kjendisar i Føresvik

Jardar Havikbotn

**Folk på handelstur laurdags føremiddag den 11. september kunne sjå på reality-tv-opptak.**

Det viste seg at filmteamet til *71 grader Nord - Norges tøffeste kjendis* hadde forflytta seg til kaien i Føresvik grytidleg laurdags morgon.

Då Bodil Bryningsland kom på jobb på Coop Marked Bokn kl. 08.15, var ho vitne til fjernsynsopptak ved bensinpumpene til butikken. Ho fekk også spørsmål av ein av leiarane om å få koma inn i forretninga, tre kvarter før opningstid. Han måtte skaffa seg noko. Kva det var får du kanskje sjå når programmet kjem på TV utpå nyåret.

Deltakarane blei svært våte og kalde, og butikken var god å ha utover føremiddagen. M.a. fekk kjendisane bossekke (!) på beina, bruka toalettet og varma seg på kaffi. Dei

fekk også skifta klede.

Det er ingen løyndom at dei som er med i *71 grader Nord* forflyttar seg nordover, og då filmteamet drog i 11.30-tida, var del-takarane på veg til Bukkøy, Avaldsnes, i ein farkost. Kjendisane gjorde også opptak i Haugesund før dei fortsatte vegen mot nord.

Det blir spennande å sjå korleis det heile blei når tv-serien dukkar opp på skjermen til vinteren.



# Gratulerer!



Send bilde og tekst til [post@bygdbladet.no](mailto:post@bygdbladet.no) eller MMS til 98 22 15 08



**Wenche L. Havikbotn, 40 år 28. aug.**

Gratulera sååå masse med 40-års dagen!

**Klem fra oss i "klubben"**



**Linn Kro, 25 år 29. aug.**

Gratulerer med dagen!

**Hilsen svigermor, svigerfar og svograr**



**Jenni Vatnaland, 40 år 29. aug.**

Me vil gratulera deg med 40 års dagen.

**Helsing fra alle oss på Bokn og i Tysvær:)**



Eg vil gratulera den flotta venninnå mi, **Veronika Sæbø**, med 22 års dagen 1. september.

**Klem i fra Hanne**



Gratulera så masse med 24 års dagen te herlige **Hanne Nilssen** som fylte året 5. september.

Glad i deg :)

**Klem fra Veronika**



**Gunnar Sæbø 50 år**

Me vil gratulera den kjekke onkelen våras me 50 års dagen den 10.09.

Håpe du får ei kjekke feiring :)

**Hilsen fra Veronika og Audhild**



**Ane Kvinnesland, 11 år 15. sept.**

Gratulera med dagen. Håpar at du får ein fin dag :)


**Klem fra Lene, tante og onkel**



**Andreas og Kristian Hatlem fylte 8 år 25. august**

Gratulerer med dagen!

**Klem fra Tobias, mamma og pappa**



**Vi giftet oss i Haugesund tingrett 26. aug.**

**Jørn Hansen og Hilde Louise Sæbø**



Me vil gratulera **Torgils Hognaland** med 13 års dagen den 15. september!

**Hilsen frå mamma, pappa og Malena ;)**



**Rita Lindanger, 60 år**

Me vil gratulera farmor så mykje med den store dagen 16. september.

Håpar du får ein fin bursdag.

**Mange gode klemmar frå Hermine, Albert, Siri og Karianne**



**Eiril Wahlgren Lie**

Vi vil gratulere vår lille badenymfe Eiril med 4 års dagen den 19. september.

Kjempemasse gla i deg!

**Stor klem fra Hedda Amilde, mamma og pappa**



**Endre Øvrebø**

Me vil gratulera Endre med 9 års dagen den 21. september

**Helsing mamma, pappa, Ole Johan og Lars Erik**

# Gratulerer!



## May Elisabeth Alvestad

Me vil så gjerne gratulere vår mamma, kone, farmor og svigermor, med 50 års dagen 22. september.

Vi er kjempeglad i deg!

**Stor klem fra mann, barn, barnebarn og svigerdatter**



Keiserinnen vår, **Karoline Hammer**, blei fødd 22. september - 4238 g og 53 cm.

**Hilsen stolte foreldre, Natalie og Kim**



## Christina Bjordal 30 år 25. september

Gratulerer med dagen, Christina. Lykke til med konserten på ambassaden i India.

**Hilsen mamma, Håvard, Karen, Gabriel og Ingrid**



## Line Øvrebø, 2 år 27. sept.

Gratulerer så masse med 2 årsdagen din.

**Klem Sofie, Stian, mamma og pappa**



## Joakim Øvrebø

Me vil gratulera den kjekke gutten våras me 5 års dagen den 2. oktober

Håpe du hadde ei kjekke feiring :)

**Klemmer Monika, mamma og pappa :)**



## Takk til Lokallaget av NKS

Tekst: Marit Hetland - foto: Jardar Havikbotn

### Sjukestova på Bokn er igjen blitt tilgodesett etter at Bokn Sanitetsforening har hatt loddssalg og basar.

Vi har ulike beboere ved sjukestova, med ulike behov. For noen er det svært viktig å få målt vekten som et ledd i nøye utregning av for eksempel kaloribehov. Det kan være pasienter med spesielle behov som er til gjenopptrening etter ulike sykdommer - eller våre faste beboere som i en periode har større behov.

#### - Det kan vi klare

Til nå har vi bare hatt en vanlig badevekt. Vi kjente på et sterkt behov for en stolvekt, slik at disse opplysningene også kan fås fra og komme til nytte for den gruppen som ikke kan bruke en badevekt. En slik stolvekt er, som det meste innen medisinsk utstyr, dyr. Da trådte sanitetskvinnene til igjen. På søknad fra sjukestova kom svaret straks:

- Det kan vi klare.

Så her er vekten som vil få stor betydning i omsorgen videre.



**Fv. Inger Sønnøve Bokneberg og Reidun Grønnestad fra Bokn Sanitetsforening med Marit Hetland i stolen.**

Esken som Inger Sønnøve holder, inneholder en O2-metningsmåler. Når vi har alvorlig syke pasienter, er det viktig å få vite hvordan surstoffmengden i blodet er. Dette kan avgjøre en del av den videre behandlingen. Dette er også et apparat vi har

savnet på sjukestova.

Alt i alt er vi nå bedre rustet til å møte ulike utfordringer i hverdagen på sjukestova.

**Stor takk til de flotte kvinnene i sanitetsforeningen!**

## Kjæledyret mitt

Alle med kjæledyr  
kan vera med i  
serien.  
Ta kontakt på  
post@bygdabladet.no  
Tlf. 98 22 15 08

## Svante

Hermine Lindanger

Eg heiter Svante, er fem år gamal og er fødd på Austre Bokn. Eg har lang svart pels med kvit hals og eg er veldig tøff. Til dømes overlevde eg ein heil måned innesperra i ei krabbeteine.

Eg er ikkje redd for hundar. Eg likar eit godt måltid og eg må alltid ha matskåla full før eg kan eta. Klokka 05.00 om morgonen skraper eg på døra til matmora mi for at ho skal sleppa meg inn.

Når familien min er ute og går tur, diltar eg etter. Når andre kattar kjem på mitt område blir det krig. Eg pleier å ta med mus og fuglar inn i huset for å visa kor tøff eg er. Ein gong tok eg med ein levande blåmeis inn til matmora mi. Eg likar ikkje å eta mus, men eg likar å leika med dei.

Ein gong gjekk eg heilt frå Havna-



vegen til Gunnarstad for å finna meg ein kjæreste. Eg budde nokre veker hjå ein annan familie, men etterkvart

fann familien min ut kvar eg var og kom og henta meg.

Neste gong fortel Michelle Våga om katten Tornerose.

## Ledsagarkurs for helsepersonell

Jardar Havikbotn

### Krovågen hestesenter held i haust ledsagarkurs for helsepersonell som fylgjer brukarar på ridetrening.

Kursa er ein blanding av teori og praktisk trening. Formålet er m.a. å auka tryggleiken rundt tiltaket. Kursa er sponsa av organisasjonen Helse og Rehabilitering.

Første kursgruppe har vore tilsette frå Alvanuten i Tysvær kommune. På bildet prøver vernepleiar **Karen Bjerg Lie** seg ein tur på hesteryggen, medan

barnevernspedagog **Hilde Myklebust** trenar seg som ledsagar.

- Tilbakemeldinga har vore at dette var nyttig og spennande, fortel ei nøgd Kari Christensen ved Krovågen hestesenter.

Senteret sitt handicapridningstilbod for personar med ulike typer funksjonshemming kan dei nå driva på heilårsbasis. Dette er muleg pga. ridehallen som blei reist i fjor.



Foto: Kari Christensen

### Fra barnemunn:

Av og til er det viktig å luften maten litt. Det lukter ikke alltid like godt.

Fordøyelse er noe man gjør i

fordøyelsesparker.

Hjernen sitter i nøtta.

Egentlig er hjernen et kålhode.

Hvis du går en tur og hjernen faller ut, så finner vi ikke veien hjem for da kan vi ikke tenke klart lenger.

Kjelde: Internett



# Eg seie meg så

Birger Lindanger

Sjå her, sjå her!  
Stor konkurranse og  
flott premie!

Den store konkurransen om gode boknauttrykk held fram med full kraft.

Denne gongen var krosskonta og peigfot dei største utfordringane. Men mange greidde også desse uttrykka.

## PREMIE:

Eit cruise for to med boknafjordsferja tur/retur Mortavika.



Omfar?



Pinsnyt?

### Svara på den førre lista var fylgjande:

- |                  |                                     |
|------------------|-------------------------------------|
| 1. Staurgådde    | fulle garn                          |
| 2. Krosskonta    | sjøstjerne                          |
| 3. Spinnekjering | vevkjerring, "edderkopp"            |
| 4. Rongjå        | avstivar bak og framme på ein robåt |
| 5. Per smygar    | Gjerdsmett                          |
| 6. Spurvise      | forviten                            |
| 7. Fjelga seg    | pynta seg                           |
| 8. Ilåd          | noko å ha ting i                    |
| 9. Hera seg      | halda seg                           |
| 10. Peigfod      | stankelbein                         |

### Tri på topp denne gongen var:

|                            |                |
|----------------------------|----------------|
| Andor Borgenvik:           | Alle rette     |
| Arvid Søndeland:           | Alle rette     |
| Bebuarar, Bokn sjukestove: | Ni av ti rette |

Ein stor takk til bebuarane i sjukestova og Karen Hetland som kom med mange gode forslag som me til dels har bruka her.

Avslutningsvis blir det trekning om ein stor fyrstepremie blant dei som då er blant tre på topp.

### MÅNADENS UTTRYKK

#### Kva betyr...

1. Brok
2. Omfar
3. Beina
4. Bendel
5. Bisletud
6. Reiva
7. Pinsnyt
8. Hedlehesse
9. Dam dikje
10. Tillfar

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 20. oktober**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

**Du kan senda inn på fleire måtar:**

MAIL [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)  
SMS 98 22 15 08  
BREV Bokn Bygdablad  
Boknatun  
5561 Bokn

### VIL DU BIDRA?

Har du sjølv gode boknauttrykk som bør bli med i denne konkurransen, så send dei bare inn til Bygdabladet.

Heidrande omtale ventar!

I neste utgåve får du rette forklaringar og 10 nye uttrykk.

**Arne Ognøy er død, 78 år gamal.**


Han er fødd i Våga og oppvaksen på Fyren. Foreldra var Erik og Lina Ognøy. I barneflokket på fem var Arne nr. fire.

I 1956 gifta han seg med Solveig Ognøy, f. Grønstad. I yrkeslivet var Arne først på fiske. Då jobba han også som tømmermann. Arne arbeidde så på natrutra før han blei vaktmeister i Bokn kommune.

Han var glad i hagearbeid. Ein annan stor hobby var fiske.

Ein medmenneskeleg, lojal og hjelpsam person er gått bort.

Han etterlet seg tre barn, fem barnebarn og to oldebarn.

**Sigrid Våge er død, 82 år gamal.**

Ho er fødd og oppvaksen i Våga.

Foreldra var Andreas og Dorthea Våge.

I barneflokket på tre var Sigrid den eldste.

Ho hadde handarbeid som hobby, og likte spesielt godt å strikka.

Sigrid var omsorgsfull, snill og godhjarta.

**Kjell Terje Are er død, 48 år gamal.**

Han voks opp på Are som nr. to av fire sysken. Kjell Terje var son til Anna og Jakob.

Han var ein frisk og glad gut. Kjell Terje var på brislingfiske før han hadde ein periode på skuleskipet Gann. Etter det fekk han jobb på ein fraktebåt.

17 år gamal fekk Kjell Terje sjukdommen MS, som kom til å prega resten av livet hans. Men han gav ikkje slepp på det gode humøret sitt.

Kjell Terje hadde mange gode vener som besøkte han, og tok han med på tur.



**Marita L. Alvestad og Fredrik S. Olausen representerte Bokn skule då fylkesfinalen i sykling blei avvikla i Sandnes torsdag 16. september.**

7. klassingane gjorde ein framifrå innsats. Marita blei nr. fem av jentene medan Fredrik kom på fjerdeplass i gutteklassa. Det var med 36 deltakarar frå 16 kommunar i Rogaland. Boknarane kom nøgde og minnerike heim med medaljer og diplom. I tillegg fekk Fredrik med seg ein pokal og Marita ein refleksvest.

### Tredelt finale

Fylkesfinalen, som kvart år blir arrangert av Motorførernes avholdsforbund's ungdom, Trygg Trafikk i Rogaland med god støtte frå Fylkestrafikk-sikkerhetsutvalget (FTU), inneheld tre delar; ein teoriprøve med 30 spørsmål, ein ferdighetsprøve (plankebalansering, beherska vanskelege svingar, m.m.) og eit 4,5 km langt gateløp.

Gateløpet tel mest. Det er her deltakarane verkeleg kan visa kor gode syklistar dei er ved å bruka både kunnskap, ferdigheter og haldningar i trafikken. Ute i løypa stod det postmannskap på 14 postar, som delte ut prikkar på feil som blei gjort. Deltakarane fekk vist kva dei kunne samstundes som dei fekk testa kva dei bør trenast meir på.

### Utfordrande gateløp

Då eg snakka med elevane før finalen, var Marita mest spent på balanseutfordringane på sykkel i ferdighetsprøva, medan Fredrik grudde seg litt til teoriprøva. Etter arrangementet hadde pipa ein litt annan lyd.

- Teorien var lett, kjem det raskt i kor. Dei var også enige om at gateløpet var det vanskelegaste.



**Marita Lie Alvestad og Fredrik Sunde Olausen gjorde ein framifrå innsats i årets sykkelfinale.**

- Me fekk jo ikkje hjelp, fortel Marita. Likevel syntest dei løpet rundt i Sandnes sentrum var det kjekkaste med heile finalen.

### Flinke på sykkelopplæring

Sykkelfinalen er siste del av sykkelopplæringa som Trygg Trafikk inviterer 6. klassingane til kvart år. Lærarane gir elevane teoretisk opplæring og ferdighetstrening, med ein sykkelprøve

om våren.

Distriktsleiar i Trygg Trafikk Rogaland, Berit Enoksen, konkluderer med at ein kan sjå på resultatane kva for nokre skular som jobbar aktivt med sykkelopplæring.

Boknarar har tradisjon for å gjera det godt i desse sykkelfinalane, noko som tyder på god sykkelopplæring ved Bokn skule.



**Frå finalen på Bokn skule 15. september 2005, då Marius Sunde gjekk heilt til topps i gutteklassen.**



## Annonsen frå Haugaland Vekst:

### ETABLERERKURS

Kursene er rettet mot deg som ønsker å etablere egen bedrift, eller nylig har startet opp. De vil gi deg verdifull kunnskap og kompetanse som er relevant for en nyetablerer, samt du vil bli kjent med andre som er i samme situasjon som deg.

#### SEPTEMBER

- 7. Start Opp
- 14. Forretningsplan
- 21. Markedstøring
- 22.-23. Etablererkurs
- 29.-30. Etablererkurs

#### OCTOBER

- 5. Start Opp
- 6.-7. Etablererkurs
- 19. Regnskap
- 20.-21. Etablererkurs
- 21. Budsjettering og kalkulasjon
- 27.-28. Etablererkurs

#### NOVEMBER

- 2. Start Opp
- 3.-4. Etablererkurs
- 16. Forretningsplan
- 23. Avtalerett

#### DESEMBER

- 7. Start Opp

Se [www.haugaland-vekst.no](http://www.haugaland-vekst.no) for mer informasjon og påmelding til kommende kurs.



HAUGALAND VEKST  
KARMSUNDGATA 5  
N-5531 HAUGESUND  
TLF +47 52 01 08 10  
[www.haugaland-vekst.no](http://www.haugaland-vekst.no)

skape.no  
etableresenteret for Rogaland



HAUGALAND  
VEKST

## Gje Bokns fortid ei framtid!

Birger Lindanger

**Eg har nå starta arbeidet med å skaffa fram kjeldemateriale for ei generell bygdebok for Bokn og inviterer folk flest til å delta.**

Mykje kan gjerast! Har du t.d. brev, dagbøker, protokollar, rekneskapsbøker eller møtebøker etter foreldre eller besteforeldre liggjande?

Gamle avisutklippbøker, filmar og bilete som framleis ikkje er registrerte, er også av interesse. Har du vore med i foreiningar eller kan fortelja om kvar ungdom møttes og koss dei hadde det, er me interesserte.

Veit du noko om gamle forretningar, om banken, "Norena", om samkomene i "Grytlå" og andre stader, om festar, frå fiske og jordbruk, dugnad og kvardag på Bokn for kring 30 år sidan eller meir – då er me interesserte.

Kan du hugsa forskjellig som dei gamle fortalte frå deira ungdom, kan du historier, "slåser" eller gode replikkar – fortel dei vidare til oss.

Har du synspunkt om eit slikt verk, skriv til Bokn Bygdblad eller direkte til oss! Du kan anten kontakta ein av

medlemmane i nemnda eller venda deg til kulturkontoret. **Slik kan du vera med og gje fortida vår ei framtid!**

### Bygdeboknemnda:

Leif Vatnaland (leiar)  
Olaug Hognaland  
Sigvart Våga  
Reidar Alvestad  
Arne Øvrebø  
Olav G Larsen  
Jardar Havikbotn (sekretær)

## Studentar på Bokn legekontor

Jardar Havikbotn

**I vekene 40-43 (4. - 29. oktober) tar legekantoret for første gong i mot studentar frå Universitetet i Bergen.**

Det er to studentar på sisteåret på medisinstudiet som skal vera to veker kvar på utplassering. Dei skal få ta del i drifta og få eit innblikk i korleis det er å jobba som allmennpraktiserande lege ("fastlege").

Kommuneoverlege Dag-Helge Rønne-

vik fortel at studentane både vil vera med på konsultasjonar og få satt opp eigne pasientar.

- Du vil som pasient i denne perioden få spørsmål om dette er greit for deg. Om du ikke ønsker at student skal vera tilstades under konsultasjonen har du sjølv sagt rett til å reservera deg frå det, seier legen.

- Me på Bokn legekantor ser fram til å få vera med på å utdanna nokre av framtidens legar og kjem til å gjera



dette kvart år dersom me får gode erfaringar, avsluttar Dag-Helge Rønnevik.

### VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike til-stelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera tilgjengelege som sjåførar, og desse har ei vaktordning og ein mobiltlf.

til disposisjon.

For å avtala tid, ring **94 14 47 35**

Helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren -

- **Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.**  
- **Minstepris kr. 100,-**

### Besøksheim og støttekontakt

Bokn barnevernteneste søker etter besøksheim og støttekontakt.

Er dette noko du kunne tenkt deg eller vil vite meir om?

**Ta kontakt med Mariann Håland,  
52 75 80 80/404 19 117**

### Museumstafetten til Bokn

28. oktober kl. 19.00 - 21.00

Bokn bygdemuseum/Allrommet på Boknatun

Stafetten startar i muséet på Håland

#### Program:

Eivind Øvrebø: Bokn bygdemuseum  
Sigvart Våga: Huset på Håland  
Birger Lindanger: Bokn si fortid i ord og bilete

Kaffi og litt å bita i

Entré kr. 50

Arr. Bokn kulturkontor/Bokn historielag



## Behandling med

- Fysikalsk helsemassasje
- KST-teknikker m.m.

52 74 84 41 - 902 49 057

**Ingunn Are,**  
Føresvikvegen 80

**Prøv ei  
annonse  
i Bokn  
Bygda-  
blad**



Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeister tenester m.m.

**Spør oss!**

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

## Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Tarald-  
lien (40 41 65 15)**

**TAKK!**

*Hjertelig takk for oppmerksomheten ved min 60 års dag.*

*Reidun*

**TAKK!**

*Hjertelig takk for deltagelsen og blomsterhilsener til mi kjære syster, Sigrid Våge, sin bortgang.*

*Ein spesiell takk til Bokn sjukestove for god omsorg i mange år.*

*Bjarne m/fam.*

**TAKK!**

*Hjertelig takk for all deltagelse og blomster ved vår kjære Kjell Terje Are sin bortgang.*

*Ein spesiell takk til Bu og Aktivitet og sjukestova for god pleie og omsorg. Og til dei som besøkte han.*

*Familien*

**TAKK!**

*Hei alle mine gode venner som eg hadde på min 60 års dag.*

*Takk for alle gaver og blomster.*

*Så vil eg takke jentene med familie og min beste venn, for alt arbeid de gjorde, og for at dette ble en vellykket dag for meg.*

*Hilsen Solfrid*

**coop  
marked**

# COOP MARKED BOKN

**coop  
marked**

**Mandag til fredag: 09.00 - 18.00**

**Lørdag: 09.00 - 16.00**

**Drivstoff hele døgnet - kortautomat**

SPARING

# Opprett en spareavtale i dag!

Våre rådgivere har god kunnskap om ulike sparealternativer, og vil gi råd basert på dine ønsker og behov.

Ta kontakt på telefon **02002** eller se [www.sr-bank.no](http://www.sr-bank.no) for mer informasjon.



Bank. Sparing. Og deg.

**SpareBank**  
SR-BANK 

## Næringsliv

### Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

### Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.  
Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.  
Pris pr. dag kr. 100,- + moms  
for leige av vridbar pusseskuffe.

#### Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797



## HÅRSMIÅ



Alle er hjertelig velkommen  
til ein klipp her på HÅRSMIÅ.

Du får den 5. klippen gratis.

Dette gjelder både barn og  
voksne, inkludert dei som ønsker  
å bli klipt hjemme.

Eg har åpent hver dag, klipper gjerne  
på lørdager om eg er hjemme.

**52 74 86 47 - 46 44 29 20**

Med vennlig hilsen  
**Mona på Hårsmiå**



## FRISØRRUMMET PÅ BOKNATUN



Mine åpningstider er  
tirsdag t.o.m. fredag.

Partallsuker: kl. 09-16

Oddetallsuker: fleksible åpningstider

Hilsen fra Anita

**99 32 55 34 - 52 74 85 34**



### Bokn bibliotek

#### Åpningstider:

Mån. 16.00 - 19.00 (Prøveordning 2010)  
Tys. 09.00 - 13.30  
Ons. 16.00 - 19.00  
Tors. 09.00 - 13.30

## Div. tenester på Boknatun

### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt  
onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 - 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring  
Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS,  
sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig  
kapasitet!

**Dag-Helge Rønnevik - lege**

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00  
Treg du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivtør**

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun  
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre  
vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

**Bjørn Bruaset - jordbrukssjef**

### HELSEØSTER

Helsestasjonen er open måndagar,  
onsdagar og fredager kl. 8-15.30 -  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil  
46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**



### NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 - 14.30  
Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

**Unn A. Mustaparta - leiar**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet  
mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40  
41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helse-  
stasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smarter i muskler og ledd? Ta direkte  
kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00  
ved fysioterapirommet.

#### Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling  
tlf. **52 74 83 98/99 70 74 28**

Direkte nr.: 52 75 25 33

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

#### Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar  
i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler  
eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og  
dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt  
med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus,  
m.m.
- kopiering

Direkte nr.: **52 75 25 10 - 52 75 25 11**

E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)

**Prøv ei  
annonse i  
Bokn Bygdablad**

## Div. tenester på Boknatun



## Nye informasjonstavler

- for lettare å finna fram til det Bokn kommune har å by på -

Anne E. Askeland



**Du har kanskje allereie sett dei; dei nye informasjonstavlene som no er monterte opp, i Bokn kommune?**

som er fjerna hadde utan tvil gjort sin misjon: Dei var mest uleselege.

I tillegg til dei to nye tavlene som er monterte opp no, vil ein, om ikkje alt

Kommunikasjon og informasjonsoverføring er viktig; på alle tenkjelege måtar. Vi håpar og trur at tiltak som nemnde informasjonstavler, kart og



Viss ikkje, er det vel verd tida det tek deg for å stoppa å sjå nærare på dei. Nyleg vart det monterte opp ei informasjonstavle på Ognøy og ei i Lauplandsvågen; båe tavlene med den flotte profilen til Destinasjonsselskapet (DHH - Destinasjon Hauge-sund og Haugalandet) som bakgrunn.

### Lang prosess

Ein har over nokre år arbeidd for å få på plass utfyllande informasjon om alt det Bokn kan by på av både attraksjonar, men og når det gjeld servicetilbod som butikk, moglegheit for å fylla drivstoff, idrettsanlegg, gjestehavn m.m. Dei gamle tavlene

for lenge, finna ei informasjonstavle i Føresvik, nytt skilt i Mortavika samt kart med kortfatta informasjon på nokre av almenningane i kommunen.

### Avrivningskart

Ein har i år, for fyrste gong, også trykt opp og delt ut gratis avrivningskart til dei som måtte ynskja seg dette. Avrivningskarta er små kart med informasjon om attraksjonar og servicetilbod – eit kart ein "riv av" og tek med seg og som ein kan studere i ro og mak – sjølvstøtt med det for auge å ta turen attende til Bokn seinare.

skilt, vil vera med på å gjera boknarar sjølve bevisste på kva ein faktisk kan finna i Bokn, men like fullt og like viktig: Tilreisande lærer kommunen betre å kjenna og vil med stor sannsynlegheit lettare ynskja å ta turen innom kommunen. Velkommen til Bokn!

### Lite bilde:

**PÅ OGNØY: BESØKANDE TURISTAR ALLEREDE MEDAN MONTERINGA FOREGJEKK:**

**Tania og Alan frå Kroatia var dei første som tok tavlå i augesyn.**